DET KONGELEGE
ARBEIDS- OG INKLUDERINGSDEPARTEMENT

Prop. 21 S

(2026–2027)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

Endringar i statsbudsjettet 2026 under Arbeids- og inkluderingsdepartementet

Tilråding frå Arbeids- og inkluderingsdepartementet 20. november 2026, godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Støre)

1 Innleiing

Arbeids- og inkluderingsdepartementet legg i denne proposisjonen fram forslag om endringar av løyvingane under enkelte kapittel under programområde 09 Arbeid og sosiale formål, programområde 29 Sosiale formål, folketrygda, programområde 33 Arbeidsliv, folketrygda, og enkelte av inntektene for 2026.

Dei reviderte anslaga for folketrygda sine utgifter og inntekter i 2026 bygger i hovudsak på tal frå rekneskap per 30. september 2026.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet fremmer forslag om å redusere løyvingane under utgiftskapitla under programområde 09 Arbeid og sosiale formål med 2 139 mill. kroner, å auke løyvingane under programområde 29 Sosiale formål, folketrygda med 724 mill. kroner og å auke løyvingane under programområde 33 Arbeidsliv, folketrygda med 445 mill. kroner. Samla foreslår Arbeids- og inkluderingsdepartementet at løyvingane under utgiftskapitla blir redusert med 970 mill. kroner.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet foreslår å redusere løyvingane for inntekter under inntektskapitla med 144 mill. kroner.

Kap. 601 Utgreiingsverksemd, forsking m.m.

Post 70 Tilskot

Løyvinga for 2026 er 69,5 mill. kroner.

Store delar av løyvinga blir nytta til å følge opp departementet sine internasjonale forpliktingar. Den årlege størrelsen på EU-kontingentane vil variere frå år til år i programperioden, avhengig av aktivitetsnivået og valutakursen. Det kan òg komme krav i samanheng med avslutning av program etter at perioden er avslutta. For 2026 er det venta eit mindreforbruk som hovudsakleg følger av valutakurs og avslutning av programmet «Employment and Social Innovation».

Arbeids- og inkluderingsdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 9,5 mill. kroner.

Post 74 Tilskot til Noregs forskingsråd, kan overførast

Løyvinga for 2026 er 144,7 mill. kroner.

Forskingsrådet forventar at utbetalingane i 2026 blir lågare enn tidlegare berekna. Det estimerte mindreforbruket skuldast periodisering av utbetalingar til finansierte prosjekt.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 32,1 mill. kroner. Tilsvarande beløp blir foreslått innarbeidd i tilsegnsfullmakta for utbetaling på eit seinare tidspunkt,

jf. forslag til romartalsvedtak. Tilsegnsramma på 278,8 mill. kroner blir uendra. Ved ein inkurie blei ikkje forslag til endringar i tilsegnsfullmakta tatt inn i vedtakslista ved behandlinga av Revidert nasjonalbudsjett for 2026. Denne er derfor inkludert i denne proposisjonen.

Sjå nærare forklaring på årsaka til nedgangen i løyving til Forskingsrådet i Kunnskapsdepartementet si omgrupperingsproposisjon.

Kap. 605 Arbeids- og velferdsetaten

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga for 2026 er 15,9 mrd. kroner.

Det ligg føre fullmakt til å overskride løyvinga under kap. 605, post 01 mot tilsvarande meirinntekt under kap. 3605, blant anna postane 04 og 05, jf. romartalsvedtak II i Prop. 1 S (2025–2026). Det er samla for dei to inntektspostane venta ei mindreinntekt på 7,6 mill. kroner, jf. omtale under inntektspostane. Kap. 605, post 01 blir paralljustert tilsvarande den samla reduksjonen under inntektspostane.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 7,6 mill. kroner.

Kap. 3605 Arbeids- og velferdsetaten

Post 04 Tolketenester

Løyvinga for 2026 er 5,1 mill. kroner.

Det er venta ein auke i inntektene på 2,4 mill. kroner. Årsakene er eit etterslep av fakturaer frå tidlegare år og meir bruk av eigne tolkar framfor frilanstolkar. Inntekter frå eigne tolkar blir inntektsførte under denne posten, mens inntekter frå frilanstolkar blir inntektsførte under kap. 5701, post 87. Sjå òg omtale under kap. 605, post 01 når det gjeld meirinntektsfullmakt.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet foreslår å auke løyvinga med 2,4 mill. kroner.

Post 05 Oppdragsinntekter m.m.

Løyvinga for 2026 er 70 mill. kroner.

Det er venta ein reduksjon i inntektene på 10 mill. kroner. Årsaka er lågare aktivitet enn venta i prosjektet *Delprogram sysselsetting* i Oslo. Sjå òg omtale under kap. 605, post 01 når det gjeld meirinntektsfullmakt.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 10 mill. kroner.

Kap. 611 Pensjonar frå statskassa

Post 01 Driftsutgifter, overslagsløyving

Løyvinga for 2026 er 17,0 mill. kroner.

Nytt overslag er basert på utbetalte pensjonar så langt i 2026 og prognose ut året.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 2 mill. kroner.

Kap. 612 Tilskot til Statens pensjonskasse

Post 01 Driftsutgifter, overslagsløyving

Løyvinga for 2026 er 14 118 mill. kroner.

Det er behov for å redusere løyvinga med 1 170 mill. kroner. Reduksjonen kjem i hovudsak av at overslaget over premieinntekter (arbeidsgivarpremie og medlemsinnskot) er auka. Hovudårsaka til auken i premieinntektene er at lønnsveksten i 2025 og anslaget for lønnsveksten i 2026 er noko høgare enn tidlegare lagt til grunn. Vidare viser oppdaterte overslag mellom anna at utbetalte alderspensjonar er noko lågare enn tidlegare lagt til grunn.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 1 170 mill. kroner.

Post 22 Sluttoppgjer, overslagsløyving

Løyvinga for 2026 er -186 mill. kroner.

Løyvinga på posten skal dekke sluttoppgjer for verksemder som melder seg ut av Statens pensjonskasse frå 1. januar 2026. Det er behov for å auke løyvinga med 14 mill. kroner. Dette skriv seg frå oppdatert overslag for innbetaling av eit eingongsoppgjer for framtidig reguleringsansvar knytt til oppsette rettar og pensjonistar frå Flytoget AS.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet foreslår å auke løyvinga med 14 mill. kroner.

Kap. 634 Arbeidsmarknadstiltak

Post 21 Forsøk med tilrettelagd vidaregåande opplæring, kan overførast

Løyvinga for 2026 er 53,8 mill. kroner.

Totalsummen for prosjekt det er søkt om midlar til, er lågare enn det som blei lagt til grunn for løyvinga. I tillegg har enkelte prosjekt hatt noko lågare forbruk enn venta.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 5 mill. kroner.

Post 70 Forsøk med ungdomsprogramyting, kan overførast

Løyvinga for 2026 er 209 mill. kroner.

Oppskalering av ungdomsprogrammet har tatt noko lenger tid enn opphavleg føresett. Det gjer at utgiftene blir lågare enn det som blei lagt til grunn for løyvinga. Det har vore ein positiv utvikling med omsyn til arbeidsdeltaking for ein del av deltakarane i forsøket. Det bidrar også til lågare utgifter.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 69 mill. kroner.

Post 76 Tiltak for arbeidssøkarar, kan overførast

Løyvinga for 2026 er 7 737,5 mill. kroner.

Aktivitetsnivået i arbeidsmarknadstiltaka frå 2025 og inn 2026 var lavt, og gjorde at forbruket ikkje kom opp på budsjettert nivå gjennom våren. Det har ført til mindreforbruk på posten.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 300 mill. kroner.

Post 77 Varig tilrettelagt arbeid, kan overførast

Løyvinga for 2026 er 2 401,7 mill. kroner.

Ved ein inkurie blei ikkje forslag til endringar i tilsegnsfullmakta tatt inn i vedtakslista ved behandlinga av Revidert nasjonalbudsjett for 2026. Denne er derfor inkludert i denne proposisjonen. Det er ikkje endringar samanlikna med det som blei omtalt i Prop. 96 S (2025–2026) *Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet 2026*.

Kap. 640 Arbeidstilsynet

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga for 2026 er 974,7 mill. kroner.

Det er forventa ei mindreinntekt på 1,5 mill. kroner knytt til bortfall av refusjonar i samband med internasjonalt arbeid, jf. kap. 3640, post 06. Posten har meirinntektsfullmakt, jf. romartalsvedtak II i Prop. 1 S (2025–2026). Som følge av dette blir det foreslått å redusere utgiftene tilsvarande.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 1,5 mill. kroner.

Kap. 3640 Arbeidstilsynet

Post 06 Refusjonar

Kap. 3640 post 06 omfattar refusjonar for midlertidige utlegg og innbetaling av kursavgifter der Arbeidstilsynet tek deltakaravgift.

Det er forventa ei mindreinntekt på 1,5 mill. kroner, i hovudsak knytt til bortfall av refusjonar i samband med internasjonalt arbeid.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 1,5 mill. kroner.

Post 86 Gebyr for brot

Løyvinga for 2026 er 60 mill. kroner.

Posten omfattar inntekt frå gebyr som er blitt ilagde verksemder for brot på arbeidsmiljøregelverket, og det er derfor ei utfordring å estimere beløp for løyvinga. Venta inntekt for 2026 er 65 mill. kroner.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet foreslår å auke løyvinga med 5 mill. kroner.

Kap. 647 Kompensasjonsordning for oljepionerane

Post 01 Driftsutgifter, kan overførast

Løyvinga for 2026 er på 21,5 mill. kroner.

Posten omfattar utgifter til å drifte nemnda for kompensasjonsordninga for kjemikalieskadde oljepionerar (Oljepionernemnda) og sekretariatet. I tillegg omfattar posten nødvendige kostnader til IKT-utvikling, arkivering, søknadsbehandling og utbetaling av kompensasjon.

Det er Arbeids- og velferdsdirektoratet som står for den administrative oppfølginga og gjennomføringa av kompensasjonsordninga. Det er anslått at det vil vera eit mindreforbruk på posten på 7,5 mill. kroner i 2026.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 7,5 mill. kroner.

Post 70 Kompensasjonsutbetalingar til oljepionerane, overslagsløyving

Løyvinga for 2026 er på 438 mill. kroner.

Posten omfattar utbetaling av kompensasjon til kjemikalieskadde oljepionerar basert på vedtak fatta av Oljepionernemnda.

Det er forventa ei mindreutgift på posten på 358 mill. kroner for 2026. Dette skuldast at det har komme langt færre søknadar enn det som blei lagt til grunn for anslaget om at til saman 650 personar ville oppfylle kriteria for å motta kompensasjon. Anslaget er basert på Oljepionerkommisjonens rapport (NOU 2022: 19), og på berekningar som Oslo Economics har gjort på oppdrag frå kommisjonen. Kommisjonens rapport, inkludert tala frå Oslo Economics, var ute på ei brei høyring og det kom ikkje innspel om anslaga i den samanheng.

Berekningar av denne typen medfører til dels høg usikkerheit knytt til både talet på søknadar som kjem inn, talet på søkarar som vil oppfylle kriteria for å motta kompensasjon, og tidspunktet for når søknadane kjem inn. Bl.a. på grunn av dette har posten fått stikkordet *overslagsløvying*. Alle som fyller kriteria for å motta kompensasjon, skal få denne utbetalt. Dersom det skulle vise seg at beløpet som er løyva ikkje er tilstrekkeleg, vil regjeringa komme tilbake til dette i revidert nasjonalbudsjett for 2027.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 358 mill. kroner.

Kap. 660 Krigspensjon

Post 71 Tilskot, sivile, overslagsløyving

Løyvinga for 2026 er 56 mill. kroner.

Overslaget på posten er auka med 1 mill. kroner som følge av mindre justeringar i anslaga for gjennomsnittleg tal på mottakarar og gjennomsnittleg yting.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet foreslår å auke løyvinga med 1 mill. kroner.

Kap. 664 Pensjonsordninga for arbeidstakarar til sjøs

Post 70 Tilskot, overslagsløyving

Arbeids- og inkluderingsdepartementet foreslår ingen endringar i løyvinga.

Posten får stikkordet «overslagsløyving». Dette som følge av at utgiftsnivået på statstilskotet følger av regelverk etter § 15 i lov om pensjonsordning for arbeidstakarar til sjøs. Stikkordfullmakta omfattar ikkje ei eventuell utløysing av garantitilskot frå staten. Stikkordfullmakta blei gitt i budsjettet for 2027 og posten får tilsvarande også for 2026.

Det blir vist til Prop. 1 S (2026–2027) under Arbeids- og inkluderingsdepartementet og nærmare omtale under kap. 664 Pensjonsordninga for arbeidstakarar til sjøs, post 70 Tilskot.

Kap. 666 Avtalefesta pensjon (AFP)

Post 70 Tilskot, overslagsløyving

Løyvinga for 2026 er 4 710 mill. kroner

Overslaget på posten er auka med 10 mill. kroner som følge av høgare overslag for gjennomsnittleg tal på mottakarar og gjennomsnittleg yting.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet foreslår å auke løyvinga med 10 mill. kroner.

Kap. 667 Supplerande stønad

Post 70 Tilskot til personar over 67 år med kort butid, overslagsløyving

Løyvinga for 2026 er 445 mill. kroner.

Overslaget på posten er auka med 10 mill. kroner hovudsakleg som følge av høgare overslag for gjennomsnittleg yting.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet foreslår å auke løyvinga med 10 mill. kroner.

Post 71 Tilskot til uføre flyktningar med kort butid, overslagsløyving

Løyvinga for 2026 er 380 mill. kroner.

Overslaget på posten er auka med 5 mill. kroner som følge av høgare overslag for gjennomsnittleg tal på mottakarar og gjennomsnittleg yting.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet foreslår å auke løyvinga med 5 mill. kroner.

Kap. 671 Busetting av flyktningar og tiltak for innvandrarar

Post 60 Integreringstilskot, kan overførast

Løyvinga for 2026 er 17 283,2 mill. kroner.

Talet på personar som utløyser integreringstilskot år 2–5, er redusert pga. registrert utvandring og dødsfall. Samtidig er talet på personar som utløyser tilskot år 1 i 2026 auka. Dette kjem av at prognosen for talet på busette i 2026 er auka, og at fleire blei busette mot slutten av 2025. Samla sett bidrar dette til at løyvingsbehovet på posten blir redusert.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 205,5 mill. kroner.

Post 61 Særskilt tilskot ved busetting av einslege mindreårige flyktningar, overslagsløyving

Løyvinga for 2026 er 2 208,1 mill. kroner.

Det er ein reduksjon i prognosen for talet på busette einslege mindreårige i 2026. Det er også færre einslege mindreårige som utløyser tilskot frå og med det andre busettingsåret.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 60,4 mill. kroner.

Post 71 Tilskot til integreringsarbeid i regi av sivilsamfunn og frivillige organisasjonar

Løyvinga for 2026 er 260,8 mill. kroner.

Det har vore eit mindreforbruk på *tilskot til norskopplæringsordninga* og *tilskot til nasjonale ressurssenter på integreringsfeltet*.

I budsjettforhandlingane i samanheng med revidert nasjonalbudsjett, blei løyvinga på posten auka med 11,4 mill. kroner for ei eittårig overgangsordning med driftstilskot til sju organisasjonar. To av organisasjonane som fekk tilskot over overgangsordninga, har etter klagebehandlinga fått tildelt tilskot som nasjonale ressurssenter. Tilskotet over overgangsordninga skal avkortast mot tilskotet som ressurssenter, sidan offentlege tilskot ikkje skal dekke dei same kostnadene fleire gonger.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 4 mill. kroner.

Post 73 Tilskot

Løyvinga for 2026 er 21,4 mill. kroner.

Ved ein feil fekk ein tilskotsmottakar ikkje utbetalt tilskot til tiltak for å auke etnisk mangfald i arbeidslivet i 2025. Tilskotet blei utbetalt i 2026, noko som aukar løyvingsbehovet på posten.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet foreslår å auke løyvinga med 0,45 mill. kroner.

Kap. 3671 Busetting av flyktningar og tiltak for innvandrarar

Post 04 Tilskot til integreringsprosjekt i asylmottak i regi av frivillige organisasjonar, ODA-godkjende utgifter

Løyvinga for 2026 er 13,7 mill. kroner.

Enkelte utgifter knytt til integreringstiltak i asylmottak kan førast som ODA-godkjende utgifter. Det er fleire integreringsprosjekt i asylmottak i regi av frivillige organisasjonar enn det som er lagt til grunn i det gjeldande budsjettet.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet foreslår å auke løyvinga med 1,5 mill. kroner.

Kap. 672 Opplæring i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarar

Post 21 Spesielle driftsutgifter, kan overførast

Løyvinga for 2026 er 91,3 mill. kroner.

Arbeidet med forvaltning av læreplanar og digital norskopplæring er forseinka, noko som reduserer løyvingsbehovet på posten.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 5,5 mill. kroner.

Post 60 Tilskot til opplæring i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarar

Løyvinga for 2026 er 1 424,4 mill. kroner.

Det er ein auke i talet på fordrivne frå Ukraina som blei busette i 2025, og som utløyser tilskot i 2026. Samtidig er tilskotet til opplæring for asylsøkarar i mottak redusert fordi det er færre i målgruppa for tilskotet. Samla sett bidrar dette til at løyvingsbehovet på posten aukar.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet foreslår å auke løyvinga med 88 mill. kroner.

Kap. 3672 Opplæring i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarar

Post 01 Norskopplæring i mottak, ODA-godkjende utgifter

Løyvinga for 2026 er 49,6 mill. kroner.

Det er færre personar i målgruppa for opplæring i norsk og samfunnskunnskap for asylsøkarar i mottak.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 20,1 mill. kroner.

Kap. 2470 Statens pensjonskasse

Post 24 Driftsresultat

Løyvinga for 2026 er -20 mill. kroner.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet foreslår følgande endringar som i sum ikkje endrar løyvinga på post 24 Driftsresultat:

Underpost 24.3 Avskrivingar

Arbeids- og inkluderingsdepartementet foreslår å redusera løyvinga med 5 mill. kroner til 110 mill. kroner mot ein auke av 24.6 Til reguleringfond.

Underpost 24.5 Til investeringsformål

Underposten omfattar avsetning til eigenfinansierte investeringar, jf. kap. 5470, post 30. Arbeids- og inkluderingsdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 30 mill. kroner til 60 mill. kroner mot å auke underpost 24.6 Til reguleringfond. Dette kjem mellom anna av noko forskyvingar for prosjekta pensjonsprogrammet til SPK (Pro25), nytt IKT-system for bustadslånsordninga i SPK,

og dessutan utgifter til anskaffingar i samband med nye lokale for SPK.

Underpost 24.6 Til reguleringsfond

Arbeids- og inkluderingsdepartementet foreslår ein auke i avsetting til reguleringsfondet med 35 mill. kroner, jf. omtale ovanfor.

Post 45 Større utstyrsanskaffingar og vedlikehald, kan overførast

Løyvinga for 2026 er 180,4 mill. kroner.

Det vises til omtale under kap. 2470, underpost 24.5.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 30 mill. kroner.

Kap. 5470 Statens pensjonskasse

Post 30 Avsetting til investeringsformål

Løyvinga for 2026 er 90 mill. kroner.

Det vises til omtale under kap. 2470, underpost 24.5.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 30 mill. kroner.

Kap. 2541 Dagpengar

Post 70 Dagpengar, overslagsløyving

Løyvinga for 2026 er 16 430 mill. kroner.

På bakgrunn av utviklinga så langt i år ser utgiftene ut til å bli høgare enn tidlegare venta. Det er hovudsakleg som følge av endra underliggande vekst i gjennomsnittleg yting.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet foreslår å auke løyvinga med 330 mill. kroner.

Kap. 5705 Refusjon av dagpengar

Post 70 Refusjon av dagpengar, statsgaranti ved konkurs

Løyvinga for 2026 er 24 mill. kroner.

Utviklinga hittil i år tilseier at inntektene i 2026 blir høgare enn tidlegare venta.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet foreslår å auke løyvinga med 15 mill. kroner.

Post 72 Innkrevjing av forskotterte dagpengar

Løyvinga for 2026 er 12 mill. kroner.

Utviklinga hittil i år tilseier at inntektene i 2026 blir høgare enn tidlegare venta.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet foreslår å auke løyvinga med 7 mill. kroner.

Kap. 2542 Statsgaranti for lønnskrav ved konkurs m.m.

Post 70 Statsgaranti for lønnskrav ved konkurs m.m., overslagsløyving

Løyvinga for 2026 er 1 015 mill. kroner.

Utviklinga hittil i år viser ein auke i utgiftene til lønnsgarantiordninga samanlikna med på tilsvarande tidspunkt i fjor.

Utbetalingane gjennom lønnsgarantiordninga er sterkt konjunkturavhengige. Det er særleg utviklinga i talet på konkursar på landsbasis, talet på tilsette som blir råka og lønnsnivået blant desse som påverkar den samla utbetalinga.

Hittil i år har det vore ein nedgang av nye saker og ein nedgang i gjennomsnittleg størrelse på konkursane, men på grunn av lang saksbehandlingstid ser det ikkje ut til å ha påverka utgiftene i 2026. Høgare vekst enn antatt må sjåast i samanheng med at det var oppbygging av restansar i 2025.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet foreslår å auke løyvinga med 115 mill. kroner.

Kap. 5704 Statsgaranti for lønnskrav ved konkurs

Post 70 Dividende

Løyvinga for 2026 er 255 mill. kroner.

Posten gjeld refusjonar av utgifter gjennom lønnsgarantiordninga. Det varierer sterkt kor lang tid det tar før innbetalingane kjem og i tillegg kor mykje det er å hente i konkursbua. Hittil i 2026 har det vore ei nedgang i innbetalingane.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 55 mill. kroner.

Kap. 2620 Stønad til einsleg mor eller far

Post 70 Overgangsstønad, overslagsløyving

Løyvinga for 2026 er 1 540 mill. kroner.

På bakgrunn av utviklinga så langt i år blir utgiftene berekna til 1 560 mill. kroner i 2026.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet foreslår å auke løyvinga med 20 mill. kroner.

Post 72 Stønad til barnetilsyn til einsleg mor eller far i arbeid, overslagsløyving

Løyvinga for 2026 er 41 mill. kroner.

På bakgrunn av utviklinga så langt i år blir utgiftene berekna til 39 mill. kroner i 2026.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 2 mill. kroner.

Kap. 2650 Sjukepengar

Post 70 Sjukepengar for arbeidstakarar m.m., overslagsløyving

Løyvinga for 2026 er 64 110 mill. kroner.

Utviklinga til og med september 2026 tilseier høgare utgifter enn lagt til grunn i Prop. 96 S (2025–2026). Auken kjem i hovudsak av at Arbeids- og velferdsetaten har redusert talet på restansar gjennom ein intensivert innsats.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet foreslår å auke løyvinga med 2 070 mill. kroner.

Post 71 Sjukepengar for sjølvstendige, overslagsløyving

Løyvinga for 2026 er 1 890 mill. kroner.

Utviklinga til og med september 2026 tilseier ein reduksjon i det trygdefinansierte sjukefråværet for sjølvstendige samanlikna med det som blei lagt til grunn i Prop. 96 S (2025–2026).

Arbeids- og inkluderingsdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 40 mill. kroner.

Post 72 Pleie-, opplærings- og omsorgspengar m.m., overslagsløyving

Løyvinga for 2026 er 4 310 mill. kroner.

Det er venta noko høgare volumvekst på posten enn det som blei lagt grunn i vedtatt budsjett. Anslaget for volumvekst i 2026 er justert opp frå 6 til 8 pst.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet foreslår å auke løyvinga med 90 mill. kroner.

Kap. 2651 Arbeidsavklaringspengar

Post 70 Arbeidsavklaringspengar, overslagsløyving

Løyvinga for 2026 er 56 586 mill. kroner.

Gjennomsnittleg tal på mottakarar av arbeidsavklaringspengar i 2026 er berekna å bli lågare enn det som tidlegare er lagt til grunn for løyvinga. Reduksjonen er tilsvarande 3000 personar. I hovudsak skuldas dette redusert tilgang, men det skuldast også ein auke i avgangen frå arbeidsavklaringspengar til uføretrygd og i avgangen til andre statusar enn uføretrygd. Utbetalinga per mottakar er venta å bli høgare enn det som tidlegare er lagt til grunn for løyvinga.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 686 mill. kroner.

Post 71 Tilleggsstønad, overslagsløyving

Løyvinga for 2026 er 139 mill. kroner.

Volumveksten er venta å bli noko lågare enn det som tidlegare er lagt til grunn for løyvinga.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 4 mill. kroner.

Post 72 Legeerklæringar

Løyvinga for 2026 er 495 mill. kroner.

Volumveksten er venta å bli høgare enn det som er lagt til grunn for løyvinga. Takstauken i 2026 er lågare enn det som tidlegare er lagt til grunn.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet foreslår å auke løyvinga med 1 mill. kroner.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet viser til Prop. 1 S (2026–2027) og omtale av fullmakt til overskriding med tilhøyrande forslag til romartalsvedtak for kap. 2651, post 72. Fleire usikre faktorar påverkar utgiftene under posten. Usikkerheita kan gjere at anslaget for utgiftene blir for lågt enkelte år, slik at ramma på posten blir overskride. Dette er forbode i samsvar med bevilgningsreglementet § 5, med mindre Stortinget har gitt samtykke til ei slik overskriding. Arbeids- og inkluderingsdepartementet foreslår derfor ei overskridingsfullmakt for 2026, tilsvarande forslaget i Prop. 1 S (2026–2027), sjå forslag til romartalsvedtak.

Kap. 2652 Eit enklare Nav – forsøk med aktivitetspengar for unge

Post 70 Forsøk med aktivitetspengar for unge

Arbeids- og inkluderingsdepartementet viser til Prop. 1 S (2026–2027) og omtale av fullmakt til overskriding med tilhøyrande forslag til romartalsvedtak for kap. 2652, post 70. Fleire usikre faktorar påverkar utgiftene under posten. Usikkerheita kan gjere at anslaget for utgiftene blir for lågt enkelte år, slik at ramma på posten blir overskride. Dette er forbode i samsvar med bevilgningsreglementet § 5, med mindre Stortinget har gitt samtykke til ei slik overskriding. Arbeids- og inkluderingsdepartementet foreslår derfor ei overskridingsfullmakt for

2026, tilsvarande forslaget i Prop. 1 S (2026–2027), sjå forslag til romartalsvedtak.

Kap. 2655 Uførleik

Post 70 Uførleik, overslagsløyving

Løyvinga for 2026 er 141 367 mill. kroner.

På grunn av utviklinga så langt i år ser utgiftene ut til å bli 3 mill. kroner høgare enn tidlegare berekna.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet foreslår å auke løyvinga med 3 mill. kroner.

Post 75 Meinerstatning ved yrkesskade, overslagsløyving

Løyvinga for 2026 er 86 mill. kroner.

På grunn av utviklinga så langt i år ser utgiftene ut til å bli 10 mill. kroner lågare enn tidlegare berekna.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 10 mill. kroner.

Kap. 2661 Grunn- og hjelpestønad, hjelpemiddel m.m.

Post 70 Grunnstønad, overslagsløyving

Løyvinga for 2026 er 1 870 mill. kroner.

Det er venta lågare utgifter i 2026 enn det som tidlegare er lagt til grunn for løyvinga. Dette er som følge av lågare gjennomsnittleg yting og lågare anslag for antal mottakarar enn tidlegare venta.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 20 mill. kroner.

Post 71 Hjelpestønad, overslagsløyving

Løyvinga for 2026 er 2 760 mill. kroner.

Det er venta høgare utgifter i 2026 enn det som tidlegare er lagt til grunn for løyvinga. Gjennomsnittleg yting er lågare enn venta, men fordi det er venta fleire mottakarar auker utgiftene samla sett.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet foreslår å auke løyvinga med 10 mill. kroner.

Post 73 Hjelpemiddel m.m. under arbeid og utdanning

Løyvinga for 2026 er 154 mill. kroner.

Det er venta noko høgare volumvekst enn det som tidlegare er lagt til grunn for løyvinga.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet foreslår å auke løyvinga med 7 mill. kroner.

Post 74 Tilskot til bilar

Løyvinga for 2026 er 1 140 mill. kroner.

Det er venta høgare utgifter til stønad til bil enn det som tidlegare er lagt til grunn for løyvinga, hovudsakleg som følge av høgare volumvekst.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet foreslår å auke løyvinga med 90 mill. kroner.

Post 75 Betring av funksjonsevna, hjelpemiddel

Løyvinga for 2026 er 5 460 mill. kroner.

Det er venta lågare utgifter enn det som tidlegare er lagt til grunn for løyvinga, hovudsakleg som følge av lågare volumvekst.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 170 mill. kroner.

Post 76 Betring av funksjonsevna, hjelpemiddel som tenester

Løyvinga for 2026 er 520 mill. kroner.

Det er venta lågare volumvekst enn det som tidlegare er lagt til grunn for løyvinga.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 30 mill. kroner.

Post 77 Ortopediske hjelpemiddel

Løyvinga for 2026 er 3 040 mill. kroner.

Det er venta lågare volumvekst enn det som tidlegare er lagt til grunn for løyvinga. Dette har samanheng med lang saksbehandlingstid på området.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 360 mill. kroner.

Post 78 Høyreapparat

Løyvinga for 2026 er 1 210 mill. kroner.

Det er venta noko lågare volumvekst enn det som tidlegare er lagt til grunn for løyvinga.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 140 mill. kroner.

Post 79 Aktivitetshjelpemiddel til personar over 26 år, kan overførast

Løyvinga for 2026 er 79 mill. kroner.

Det blir satt av middel frå ramma til å dekke reparasjonar og delar ut året. Dersom utgifter til

reparasjon m.m. blir meldt inn seint på året, vil dei først bli regnskapsførte året etter. For at dette ikkje skal gå utover ramma for 2027, er det behov for å overføre unytta middel til neste år.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet foreslår derfor at posten i 2026 får stikkordet «kan overførast», sjå forslag til romartalsvedtak.

Kap. 2670 Alderdom

Post 70 Grunnpensjon, overslagsløyving

Løyvinga for 2026 er 97 830 mill. kroner

Overslaget på posten er redusert med 160 mill. kroner hovudsakleg som følge av lågare overslag for gjennomsnittleg yting

Arbeids- og inkluderingsdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 160 mill. kroner.

Post 71 Tilleggspensjon, overslagsløyving

Løyvinga for 2026 er 199 910 mill. kroner

Overslaget for gjennomsnittleg tal på mottakarar er lågare og overslag for gjennomsnittleg yting er auka. Samla sett er overslaget på posten redusert med 240 mill. kroner.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 240 mill. kroner.

Post 72 Inntektspensjon, overslagsløyving

Løyvinga for 2026 er 47 540 mill. kroner.

Overslaget på posten er auka med 300 mill. kroner hovudsakleg som følge av høgare overslag for gjennomsnittleg yting

Arbeids- og inkluderingsdepartementet foreslår å auke løyvinga med 300 mill. kroner.

Post 73 Særtillegg, pensjonstillegg m.m., overslagsløyving

Løyvinga for 2026 er 11 985 mill. kroner.

Posten dekker fleire tillegg til alderspensjon: særtillegg, pensjonstillegg, minstenivåtillegg, garantipensjon, skjermingstillegg og forsørgingstillegg.

Samla sett er overslaget på posten redusert med 105 mill. kroner, hovudsakleg som følge av redusert anslag for minstenivåtillegg og garantipensjon Det er også gjort mindre justeringar av dei andre tillegga.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 105 mill. kroner.

Kap. 2680 Etterlatne

Post 70 Omstillingsstønad, overslagsløyving

Løyvinga for 2026 er 1 740 mill. kroner.

Overslaget for gjennomsnittleg tal på mottakarar er lågare og overslag for gjennomsnittleg yting er auka. Samla sett er overslaget på posten redusert med 20 mill. kroner.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 20 mill. kroner.

Post 74 Tilleggsstønader og stønad til skolepengar, overslagsløyving

Løyvinga på posten er 0,2 mill. kroner.

Utgiftene på posten ser ut til å bli 0,2 mill. kroner høgare enn tidlegare berekna.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet foreslår å auke løyvinga med 0,2 mill. kroner.

Post 75 Stønad til barnetilsyn til gjenlevande i arbeid, overslagsløyving

Løyvinga på posten er 1 mill. kroner.

Utgiftene på posten ser ut til å bli 0,1 mill. kroner høgare enn tidlegare berekna.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet foreslår å auke løyvinga med 0,1 mill. kroner.

Kap. 2686 Stønad ved gravferd

Post 70 Stønad ved gravferd, overslagsløyving

Løyvinga for 2026 er 400 mill. kroner.

Anslaget på posten er auka med 120 mill. kroner som følge av at det er forventa betydeleg fleire mottakarar av både behovsprøvd gravferdsstønad og båretransport enn lagt til grunn i vedtatt budsjett. Auken for båretransport er på om lag 100 mill. kroner.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet foreslår å auke løyvinga med 120 mill. kroner.

Kap. 5701 Diverse inntekter

Post 86 Innkrevjing av feilutbetalingar

Løyvinga for 2026 er 1,4 mrd. kroner.

Det er venta ein reduksjon i inntektene på 51 mill. kroner. Årsaka er at overgang til nytt regelverk og fagsystem gir redusert aktivitet på innkrevjingsområdet.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 51 mill. kroner.

Post 87 Diverse inntekter

Løyvinga for 2026 er 5,7 mill. kroner.

Det er venta ein reduksjon i inntektene på 1,5 mill. kroner. Årsaka er meir bruk av eigne tolkar framfor frilanstolkar, jf. nærmare omtale under kap. 3605, post 04.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 1,5 mill. kroner.

Post 88 Hjelpemiddelsentralar m.m.

Løyvinga for 2026 er 101 mill. kroner.

Det er venta ein reduksjon i inntektene på 6 mill. kroner. Årsakene er lågare inntekter i samanheng med sal av bilar og gjeldsoppgjer på bilområdet.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 6 mill. kroner.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringar i statsbudsjettet 2026 under Arbeids- og inkluderingsdepartementet.

Vi HAAKON, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak om endringar i statsbudsjettet 2026 under Arbeids- og inkluderingsdepartementet i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag
til vedtak om endringar i statsbudsjettet 2026 under Arbeids- og inkluderingsdepartementet

I

I statsbudsjettet for 2026 blir det gjort følgande endringar:

Utgifter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
601		Utgreiingsverksemd, forsking m.m.:	
	70	Tilskot, blir redusert med	9 500 000
		frå kr 69 498 000 til kr 59 998 000	
	74	Tilskot til Noregs forskingsråd, *kan overførast*, blir redusert med	32 100 000
		frå kr 144 684 000 til kr 112 584 000	
605		Arbeids- og velferdsetaten:	
	01	Driftsutgifter, blir redusert med	7 563 000
		frå kr 15 948 855 000 til kr 15 941 292 000	
611		Pensjonar frå statskassa:	
	01	Driftsutgifter, *overslagsløyving*, blir redusert med	2 000 000
		frå kr 17 000 000 til kr 15 000 000	
612		Tilskot til Statens pensjonskasse:	
	01	Driftsutgifter, *overslagsløyving*, blir redusert med	1 170 000 000
		frå kr 14 118 000 000 til kr 12 948 000 000	
	22	Sluttoppgjer, *overslagsløyving*, blir auka med	14 000 000
		frå kr -186 000 000 til kr -172 000 000	
634		Arbeidsmarknadstiltak:	
	21	Forsøk med tilrettelagd vidaregåande opplæring, *kan overførast*, blir redusert med	5 000 000
		frå kr 53 768 000 til kr 48 768 000	
	70	Forsøk med ungdomsprogramyting, *kan overførast*, blir redusert med	69 000 000
		frå kr 209 000 000 til kr 140 000 000	
	76	Tiltak for arbeidssøkarar, *kan overførast*, blir redusert med	300 000 000
		frå kr 7 737 541 000 til kr 7 437 541 000	

Kap.	Post	Formål	Kroner
640		Arbeidstilsynet:	
	01	Driftsutgifter, blir redusert med	1 542 000
		frå kr 974 739 000 til kr 973 197 000	
647		Kompensasjonsordning for oljepionerane:	
	01	Driftsutgifter, *kan overførast*, blir redusert med	7 500 000
		frå kr 21 473 000 til kr 13 973 000	
	70	Kompensasjonsutbetalingar til oljepionerane, *overslagsløyving*, blir redusert med	358 000 000
		frå kr 438 000 000 til kr 80 000 000	
660		Krigspensjon:	
	71	Tilskot, sivile, *overslagsløyving*, blir auka med	1 000 000
		frå kr 56 000 000 til kr 57 000 000	
666		Avtalefesta pensjon (AFP):	
	70	Tilskot, *overslagsløyving*, blir auka med	10 000 000
		frå kr 4 710 000 000 til kr 4 720 000 000	
667		Supplerande stønad:	
	70	Tilskot til personar over 67 år med kort butid, *overslagsløyving*, blir auka med	10 000 000
		frå kr 445 000 000 til kr 455 000 000	
	71	Tilskot til uføre flyktningar med kort butid, *overslagsløyving*, blir auka med	5 000 000
		frå kr 380 000 000 til kr 385 000 000	
671		Busetting av flyktningar og tiltak for innvandrarar:	
	60	Integreringstilskot, *kan overførast*, blir redusert med	205 496 000
		frå kr 17 283 194 000 til kr 17 077 698 000	
	61	Særskilt tilskot ved busetting av einslege mindreårige flyktningar, *overslagsløyving*, blir redusert med	60 407 000
		frå kr 2 208 087 000 til kr 2 147 680 000	
	71	Tilskot til integreringsarbeid i regi av sivilsamfunn og frivillige organisasjonar, blir redusert med	4 017 000
		frå kr 260 810 000 til kr 256 793 000	
	73	Tilskot, blir auka med	450 000
		frå kr 21 393 000 til kr 21 843 000	
672		Opplæring i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarar:	
	21	Spesielle driftsutgifter, *kan overførast*, blir redusert med	5 500 000
		frå kr 91 341 000 til kr 85 841 000	

Kap.	Post	Formål		Kroner
	60	Tilskot til opplæring i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarar, blir auka med		88 005 000
		frå kr 1 424 407 000 til kr 1 512 412 000		
2470		Statens pensjonskasse:		
	24	Driftsresultat:		
		1. Driftsinntekter, overslagsløyving	-875 000 000	
		2. Driftsutgifter, overslagsløyving	666 000 000	
		3. Avskrivingar	110 000 000	
		4. Renter av statens kapital	4 000 000	
		5. Til investeringsføremål	60 000 000	
		6. Til reguleringsfond	15 000 000	
			-20 000 000	
	45	Større utstyrsanskaffingar og vedlikehald, *kan overførast*, blir redusert med		30 000 000
		frå kr 180 369 000 til kr 150 369 000		
2541		Dagpengar:		
	70	Dagpengar, *overslagsløyving*, blir auka med		330 000 000
		frå kr 16 430 000 000 til kr 16 760 000 000		
2542		Statsgaranti for lønnskrav ved konkurs m.m.:		
	70	Statsgaranti for lønnskrav ved konkurs m.m., *overslagsløyving*, blir auka med		115 000 000
		frå kr 1 015 000 000 til kr 1 130 000 000		
2620		Stønad til einsleg mor eller far:		
	70	Overgangsstønad, *overslagsløyving*, blir auka med		20 000 000
		frå kr 1 540 000 000 til kr 1 560 000 000		
	72	Stønad til barnetilsyn til einsleg mor eller far i arbeid, *overslagsløyving*, blir redusert med		2 000 000
		frå kr 41 000 000 til kr 39 000 000		
2650		Sjukepengar:		
	70	Sjukepengar for arbeidstakarar m.m., *overslagsløyving*, blir auka med		2 070 000 000
		frå kr 64 110 000 000 til kr 66 180 000 000		
	71	Sjukepengar for sjølvstendige, *overslagsløyving*, blir redusert med		40 000 000
		frå kr 1 890 000 000 til kr 1 850 000 000		
	72	Pleie-, opplærings- og omsorgspengar m.m., *overslagsløyving*, blir auka med		90 000 000
		frå kr 4 310 000 000 til kr 4 400 000 000		

Kap.	Post	Formål	Kroner
2651		Arbeidsavklaringspengar:	
	70	Arbeidsavklaringspengar, *overslagsløyving*, blir redusert med	686 000 000
		frå kr 56 586 000 000 til kr 55 900 000 000	
	71	Tilleggsstønad, *overslagsløyving*, blir redusert med	4 000 000
		frå kr 139 000 000 til kr 135 000 000	
	72	Legeerklæringar, blir auka med	1 000 000
		frå kr 495 000 000 til kr 496 000 000	
2655		Uførleik:	
	70	Uføretrygd, *overslagsløyving*, blir auka med	3 000 000
		frå kr 141 367 000 000 til kr 141 370 000 000	
	75	Meinerstatning ved yrkesskade, *overslagsløyving*, blir redusert med	10 000 000
		frå kr 86 000 000 til kr 76 000 000	
2661		Grunn- og hjelpestønad, hjelpemiddel m.m.:	
	70	Grunnstønad, *overslagsløyving*, blir redusert med	20 000 000
		frå kr 1 870 000 000 til kr 1 850 000 000	
	71	Hjelpestønad, *overslagsløyving*, blir auka med	10 000 000
		frå kr 2 760 000 000 til kr 2 770 000 000	
	73	Hjelpemiddel m.m. under arbeid og utdanning, blir auka med	7 000 000
		frå kr 154 000 000 til kr 161 000 000	
	74	Tilskot til bilar, blir auka med	90 000 000
		frå kr 1 140 000 000 til kr 1 230 000 000	
	75	Betring av funksjonsevna, hjelpemiddel, blir redusert med	170 000 000
		frå kr 5 460 000 000 til kr 5 290 000 000	
	76	Betring av funksjonsevna, hjelpemiddel som tenester, blir redusert med	30 000 000
		frå kr 520 000 000 til kr 490 000 000	
	77	Ortopediske hjelpemiddel, blir redusert med	360 000 000
		frå kr 3 040 000 000 til kr 2 680 000 000	
	78	Høyreapparat, blir redusert med	140 000 000
		frå kr 1 210 000 000 til kr 1 070 000 000	
2670		Alderdom:	
	70	Grunnpensjon, *overslagsløyving*, blir redusert med	160 000 000
		frå kr 97 830 000 000 til kr 97 670 000 000	
	71	Tilleggspensjon, *overslagsløyving*, blir redusert med	240 000 000
		frå kr 199 910 000 000 til kr 199 670 000 000	

Kap.	Post	Formål	Kroner
	72	Inntektspensjon*, overslagsløyving*, blir auka med	300 000 000
		frå kr 47 540 000 000 til kr 47 840 000 000	
	73	Særtillegg, pensjonstillegg m.m.*, overslagsløyving*, blir redusert med	105 000 000
		frå kr 11 985 000 000 til kr 11 880 000 000	
2680		Etterlatne:	
	70	Omstillingsstønad m.m.*, overslagsløyving*, blir redusert med	20 000 000
		frå kr 1 740 000 000 til kr 1 720 000 000	
	74	Tilleggsstønader og stønad til skolepengar*, overslagsløyving*, blir auka med	200 000
		frå kr 200 000 til kr 400 000	
	75	Stønad til barnetilsyn til attlevande i arbeid*, overslagsløyving*, blir auka med	100 000
		frå kr 1 000 000 til kr 1 100 000	
2686		Stønad ved gravferd:	
	70	Stønad ved gravferd*, overslagsløyving*, blir auka med	120 000 000
		frå kr 400 000 000 til kr 520 000 000	

Inntekter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
3605		Arbeids- og velferdsetaten:	
	04	Tolketenester, blir auka med	2 437 000
		frå kr 5 063 000 til kr 7 500 000	
	05	Oppdragsinntekter m.m., blir redusert med	10 000 000
		frå kr 70 000 000 til kr 60 000 000	
3640		Arbeidstilsynet:	
	06	Refusjonar, blir redusert med	1 542 000
		frå kr 4 042 000 til kr 2 500 000	
	86	Gebyr for brot, blir auka med	5 000 000
		frå kr 59 950 000 til kr 64 950 000	
3671		Busetting av flyktningar og tiltak for innvandrarar:	
	04	Tilskot til integreringsprosjekt i asylmottak i regi av frivillige organisasjonar, ODA-godkjende utgifter, blir auka med	1 466 000
		frå kr 13 743 000 til kr 15 209 000	
3672		Opplæring i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarar:	
	01	Norskopplæring i mottak, ODA-godkjende utgifter, blir redusert med	20 145 000
		frå kr 49 609 000 til kr 29 464 000	
5470		Statens pensjonskasse:	
	30	Avsetting til investeringsformål, blir redusert med	30 000 000
		frå kr 90 000 000 til kr 60 000 000	
5701		Diverse inntekter:	
	86	Innkrevjing av feilutbetalingar, blir redusert med	51 000 000
		frå kr 1 396 000 000 til kr 1 345 000 000	
	87	Diverse inntekter, blir redusert med	1 495 000
		frå kr 5 695 000 til kr 4 200 000	
	88	Hjelpemiddelsentralar m.m., blir redusert med	6 000 000
		frå kr 101 000 000 til kr 95 000 000	
5704		Statsgaranti for lønnskrav ved konkurs:	
	70	Dividende, blir redusert med	55 000 000
		frå kr 255 000 000 til kr 200 000 000	
5705		Refusjon av dagpengar:	
	70	Refusjon av dagpengar, statsgaranti ved konkurs, blir auka med	15 000 000
		frå kr 24 000 000 til kr 39 000 000	
	72	Innkrevjing av forskotterte dagpengar, blir auka med	7 000 000
		frå kr 12 000 000 til kr 19 000 000	

II

Stikkordsfullmakter

Stortinget samtykker i at stikkordet «kan overførast» blir tilføydd kap. 2661 Grunn- og hjelpestønad, hjelpemiddel m.m., post 79 Aktivitetshjelpemiddel til personar over 26 år i statsbudsjettet for 2026.

III

Stikkordsfullmakter

Stortinget samtykker i at stikkordet «overslagsløyving» blir tilføydd kap. 664 Pensjonsordninga for arbeidstakarar til sjøs, post 70 Tilskot i statsbudsjettet for 2026.

IV

Fullmakt til overskriding

Stortinget samtykker i at Arbeids- og inkluderingsdepartementet i 2026 kan overskride løyvinga under kap. 2651 Arbeidsavklaringspengar m.m., post 72 Legeerklæringar med inntil 5 pst.

V

Fullmakt til overskriding

Stortinget samtykker i at Arbeids- og inkluderingsdepartementet i 2026 kan overskride løyvinga under kap. 2652 Eit enklare Nav – forsøk med aktivitetspengar for unge, post 70 Forsøk med aktivitetspengar for unge med inntil 5 pst.

VI

Tilsegnsfullmakter

Stortinget samtykker i at Arbeids- og inkluderingsdepartementet i 2026 kan gi tilsegn om tilskot utover gitte løyvingar, men slik at samla ramme for nye tilsegn og gammalt ansvar ikkje overstig følgande beløp:

Kap.	Post	Betegnelse	Samlet ramme
601		Utgreiingsverksemd, forsking m.m.	647,9 mill. kroner
	74	Tilskot til Noregs forskingsråd	
634		Arbeidsmarknadstiltak	
	77	Varig tilrettelagt arbeid	1 287,4 mill. kroner

Trykksak
2001 0446

Departementenes sikkerhets- og serviceorganisasjon